



Ein opprusta badeplass er eit av resultatane av Uskedalen Utvikling sitt arbeid (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalingene får i desse dagar i postkassa eit brev med oppmoding om å bli medlem av Uskedalen Utvikling og dermed støtta gode tiltak for bygda. Brevet har denne ordlyden:

"Gode sambygding!

Uskedalen er ei bygd som er kjend for å vera ein god stad å vera, og det kan vel vi som bur her vera dei fyrste til å sei oss einige i.

Det er eit stort aktivitetstilbod for alle aldre, og det meiste har vi klart å byggje opp med eit samarbeid og dugnadsånd Uskedalen er blitt kjend for.

Uskedalen Utvikling har lenge nettopp jobba for at Uskedalen skal kunne utvikle seg. Dei siste åra har vi jobba med fleire konkrete mål, som vil gagne bygda vår.

Her kan vi vise til blant anna uskedalen.no, rasteplass ved gamleskulen, kafe for å nemna noko.

For å kunne jobbe vidare med konkrete mål for bygda vår, har vi no satt i gong med dialogforum. Her kan sambygdingar få ta opp saker i plenum, få satt ned ei arbeidsgruppe som jobbar med konkrete saker, og med det lettare kunne få eit resultat.

Skal vi kunne gå vidare med denne positive utviklinga i bygda vår, treng vi å ha deg med på laget.

For å støtte arbeidet, hadde vi satt pris på om du teikna medlemskap i Uskedalen Utvikling, som berre kostar 150 kroner."



.....og kafeen i gamleskolen er eit anna. (Foto: Ola Matti Mathisen)